



Ljosglytt

Helsing frå Framnes



*Friluftslivevar frå Framnes
testar høgdeskrekken på Tunga.
Foto: Øystein Mongstad*

God Jul!

Jesus og jul

Advent og juletider blir av fleire og fleire assosiert med stress. Kaker skal bakast, hus skal vaskast, julekort skal skrivast og det er til stadig ein eller annan juleavslutning eller konsert. Salhus-vinskvetten får dette godt fram når dei syng: "Når kakemannane e' komt i butikkjen, då får eg presangen.-te-kåno-panikken (...). Ka dag juleafta kjem på e visst veldig tilfeldig. I fjor va da jo på ein søndag, og i rein frustrasjon so kjøpte eg ei takgrind te ho på ein bensistasjon". Folk spring att og fram for å få ordna alt før klokka tolv den 24/12. Nokre gjer det fordi dei må, andre fordi dei kosar seg med det.

Etter å ha brukt ein heil dag på julegåveleiting og dekorering i den travlaste adventstida, får du kanskje lagt deg på sofaen og les i ei avis eller eit blad. Hvis du då kjem over ein ekte adventsandakt står det ganske sikkert at du ikkje skal stresse, sleppe alt du har i hendene, og nytte tida til å tenkje over kvifor me faktisk feirar jul. Oioi! Korleis skal du få tid til dette OGSÅ? Kjøpe julekjes på RIMI? Leige ein au-pair som kan vaske og kjøpe julegåver? Personleg trur eg Jesus er glad for at me kosar oss og gjer ein innsats for å feire at han kom til jord! Me må berre ikkje gløyme å ta han med oppi alt, kven lagar vel bursdagsbesøk men lét vera å invitere den som har gebursdag?

Heime har foreldra mine ei vitsebok med typiske "bedehusvitsar". Eg hugsar eg las ein då eg var mindre som handla om ein bonde som var ute med kjerre og høyllass ein søndags morgon då presten kom gåande på

veg til kyrkja. "Jaja Nils", sa presten. "Det hadde vel vore på sin plass om du kom deg til kyrkje på ein søndag føremiddag i staden for å køyre høy". Då svara bonden Nils at "Det er betre om eg sit på høylasset og tenkjer på Vårherre, enn i kyrkja og tenkjer på høylasset". Vitsen er jo ikkje noko særleg morosam, men eg synes det ligg mykje i poenget. Jesus ser til hjarta og ikkje er opptatt av det ytre. Me skal prøve å vere gode førebilete, men som menneske dømer me lett ut i frå kva me ser, og dreg slutningar som ofte ikkje stemmer med realitetane. Jesus ser til hjarta, og han ser at du gler deg over Han sjølv om



Julebodskapen har lett for å drukna i glitter og stas. Julehøgtida er noko langt meir enn ytre staffasje. Den største gåva, Jesus Kristus, har me allereie fått!



det er vanskeleg å få tid til å setje seg ned og lese i Bibelen og be så mykje som du kanskje burde og skulle ynskje. Kanskje er det ekstra viktig i slike travle tider å setje av litt tid når ein veit ein ikkje vert forstyrra? Uansett har Jesus kontortid heile døgnet. Ein kan prate med han om ein befinn seg i eit tentamenslokale, i ferskvareavdelinga på butikken eller om ein har fingrar tilgrist med melisglasur.

Så uansett om du gledar deg til jul eller av ulike årsaker ikkje ser fram til denne høgtida fylt med glitter og stas, så gløym ikkje kjernen i det heile. Jesus kom ikkje for å døma og befale korleis me skal bruke tida vår, men for å syne oss kva verkeleg kjærleik er gjennom å gje seg sjølv for oss. Den beste, største og viktigaste gåva har du allereie fått, og Jesus krev ikkje noko anna i retur enn at du tek i mot det Han gjev deg. På den vesle lappen festa til pakken står det ikkje "Til: Verdas befolkning, Frå: Jesus", men "Til: *ditt namn* Frå: Jesus". Han hadde kome til jord sjølv om du var det einaste mennesket her nede, og er ikkje det noko å feire og å gleda seg over, så veit ikkje eg!

"Herren din Gud er hjå deg, ei kjempe som kan frelsa. Han gledar og frydar seg over deg, tek deg atter inn i sin kjærleik." (Sef. 3.17)

Eg vil med dette nytta høve til å ynskja alle, kjende og ukjende Framnesingar, ei fin adventstid og ei velsigna god julehøgtid!

Nytilsette ved Framnes

Skulekvardagen er godt i gang denne hausten og nye andlet er å sjå på Framnes-halvøya. Ljosglytt ynskjer nytilsette hjarteleg velkomne til Framnes! (Dei andre vert presentert i neste nummer).

Ingvill Sørheim

Eg heiter Ingvill Sørheim, er 36 år gammal og arbeider som norsk- og tysklærer på Framnes. Dei siste 10 åra har eg arbeidd på Kvitsund Gymnas i Kviteseid i Telemark som lærar. Eg er ein allsidig person, likar mykje utan at eg har ei spesiell interesse. Er glad i friluftsliv og sport, likar meg godt på fjellet både sommar og vinter. Elles er eg interessert i mykje forskjellig kultur med kunst og kultur (musikk, litteratur), men kan også slappe av heime på sofaen med ein god film/ei god bok eller gode vener og familie. Eg kom tilbake til Vikøy fordi eg hadde lyst å prøve ein annan skule å arbeide på og å kjenne litt på korleis det var å bu på Vestlandet att etter 10 år i Telemark. For tida bur også nære vener i Bergen, og derfor kortare avstand dit. Så langt har eg vorte godt motteken i Vikøy og på Framnes både av kollegaer og elevar.



Kristian Moskvil

Navnet er altså Kristian Moskvil og jeg er 25 år. Studietiden min har vært i både Bergen og Volda, samt to år i Alta. Det ene året som elev på Øytun fhs og det andre som stipendiat, omtrent det samme som miljøarbeider her på Framnes. I Bergen var Norsk lærerakademi plassen med både interkulturell forståelse og kristendom. Derfra gikk turen til Volda hvor det både ble kroppsøving, friluftsliv og PPU. Grunnen til at jeg valgte å søke Framnes var nok først og fremst min kjennskap til skolen gjennom bekjente som både hadde vært elever og lærere ved skolen. Ifjor hadde jeg også et praksisopphold her på skolen. Jeg underviser i idrettsfag. Jeg vil nok beskrive meg selv som en allsidig person innenfor dette området. Likevel venter jeg nok litt mer enn middels på snøen. Telemark og volleyball er det jeg har drevet mest med, idretter som står sterkt på Framnes. Dette kunne ikke passet bedre. Ellers ligger jo forholdene svært godt til rette for kajakk, fjellturer og andre naturopplevelser. Summen av dette pluss mye mer gjør at jeg trives godt her på Framnes.



Marta Bergesen Gravdal

Eg er Marta på 25 år. I haust byrja eg som lærar på Framnes. Før det jobba eg eit år på ein barneskule i Fusa. Vidaregåande er veldig ulikt frå barneskule. Men det har vore veldig kjekt og eg trivst godt i jobben! Eg underviser i idrett og matematikk. Det er dei faga eg har tatt som fordjupning i allmennlærerutdanninga. Tidlegare har eg også gått på Øytun folkehøgskule i Alta og tatt DTS (disippeltreningsskule) på Eintrøa Ungdom i Oppdrag base. Av interesser så er friluftsliv ein viktig del av livet mitt. All form for tur til fots og på ski, likar eg veldig godt. Grunnen til at eg søkte på Framnes er at eg alltid har tenkt at det må vera ein kjekk plass å jobbe. Eg synes det er veldig bra at det er ein kristen skule, og at me fritt kan snakke om Jesus, utan å „bryte“ lova. Eg har også hatt lyst til å ha eit litt smalare og meir fordjupande fokus i forhold til fag, og då passar vidaregåande veldig bra, der ein ofte berre har to eller tre fag.



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Vikøyvegen
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
E-post: postmottak@framnes.vgs.no
Giro: 0530.54.3681 I

Redaksjon:
Lars Arvid Oma (post@laoma.no)
Eimund Solsvik (eimund@framnes.vgs.no)
Magne Kolstad (magnekolstad@hotmail.com)
Linda Augestad Lindås (gladfjes@yahoo.com)
Solgunn Eide (sol_eide@hotmail.com)
Øyvind Grindheim (oyvindgrindheim@hotmail.com)

Adresser:
Berit Hope Byrkjeland
Rekneskap:
Torill Kvittingen

Ansvarleg utgjevar:
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

Opplag:
2300
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på vårparten.
Deadline: 1. november og 1. april.

Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma

Trykk:
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:
Linda Augestad Lindås, 55 22 74 61
el. gladfjes@yahoo.com.
Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt." Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.



I år får russen på Framnes Kristne videregående skole være med på et spennende misjonsprosjekt i Bangladesh, i samarbeid med Åpne Dører – i tjeneste for forfulgte kristne.

Prosjektet støtter en rekke ulike hjelpetiltak, både for de som er forfulgte kristne, MBB'er (muslim background believers), og andre som trenger hjelp. Pengene vi samler inn blir brukt til å støtte enkeltstående prosjekter i det muslimske landet:

Landsbyleger, Safehouses, Unge kristne, Kvinner, Økonomisk hjelp og Informasjon.

Landsbyleger

Vi gir et seks måneders legekurs som gir grunnleggende opplæring innen medisin. De som fullfører kurset, får hjelp til å etablere seg i landsbyer der det ikke finnes leger. De gir enkel medisinsk behandling og deler ut medisiner til de fattige som ikke har råd til annen medisinsk behandling.

I forbindelse med dette reiste jeg, som leder for misjonsprosjektet (Thomas Byrknes), og skoleprest Arne Opsahl Engen, til i Bangladesh



Besøk: Thomas og Arne sammen med fire legestudenter.

Med Åpne Dører til Bangladesh

for å se nærmere på noen av de prosjektene vi støtter. Vi fikk blant annet muligheten til å møte fire studenter som deltok på legekurset og to leger som allerede var utplassert i hver sin landsby.

Vi fikk også se hvor utrolig mye man kan få for pengene våre i Bangladesh. Landsbylegene drev sitt eget lille apotek i en trang butikk midt i landsbyen. Det var så vidt plass til alle medisinerne, ettersom de ikke hadde noe form for lager i denne butikken. Bak disken og medisinhyllene var det et lite værelse med en benk og noen få apparater som kunne brukes til grunnleggende medisinsk behandling.

Landsbylegene fortalte hvor

utrolig mange som kom hver dag for å få hjelp. Ofte mødre som kom med sine syke barn. (I Bangladesh er mer enn halvparten av befolkningen under 16 år.) Og når det bor 148 millioner mennesker i et land som er like stort som en tredjedel av Norge er det forståelig at det er mer enn nok pasienter å ta seg av. Pengene vi får inn i år vil komme mange til gode og sansynligvis redde mange liv! I Bangladesh får ikke alle barn grunnleggende vaksiner når de blir født og er dermed mer utsatt for sykdom.

Safehouses

Mange muslimer som vender om til kristen tro opplever å bli utsatt for

forfølgelse fra familien, landsbybefolkningen og myndighetene. På "safe houses" kan de finne beskyttelse og få dekket menneskelige behov.

I Bangladesh besøkte vi en bibelskole som også brukes som et safehouse. Der var det god standard og det ble servert mat hver dag, og det var senger og alt nødvendig utstyr for de som bodde der. Vi fikk også høre vitnesbyrd fra noen av dem som nettopp hadde opplevd forfølgelse fra familien sin, og fra noen som enda ikke hadde turt å fortelle familien sin at de hadde konvertert – i frykt for eventuelle reaksjoner.

Unge kristne

Hvert år arrangeres det leirer for



Kjøretøy: Motorisert taxi.

unge kristne. Noen kommer fra kristne familier, andre har muslimsk og hinduistisk bakgrunn. De kommer ofte fra fattige familier som ikke har råd til å betale leirene selv.

Kvinner

68% av kvinnene i landet er analfabeter. Andelen er høyere blant fattige kristne. Åpne Dører gir lese- og skriveopplæring og yrkesrettede kurs. Kursene er særlig rettet mot unge kvinner. Ofte blir unge kristne kvinner truet med voldtekt dersom de ikke vender seg bort fra sin tro.

Økonomisk hjelp

Flere pastorer og evangelister er blitt drept de siste årene. Enkene og barna trenger økonomisk hjelp for å klare seg.

Mange kristne familier mister sitt økonomiske fundament på grunn av forfølgelse. Noen har opplevd at åkrene og husdyrene deres er blitt tatt fra dem og avlingene brent. Andre blir nektet tilgang til landsbyens markeds plass og rent vann. Åpne Dører hjelper dem blant annet med mikrofinanslån.

I tillegg hjelper vi ulike menigheter og bibelskoler med økonomisk støtte til eiendomsutbygging og lignende.

Vil lære mer

Da vi besøkte disse bibelskolene så vi en stor glede hos elevene som gikk på disse skolene. Mange hadde lagt bak seg familie og venner siden de hadde valgt å leve 100% for Gud. Likevel så vi ikke tegn til misnøye hos dem. De var bare så takknemlige for at de kunne få muligheten til å lære mer og bli kjent med Jesus.

Informasjon

Et info-blad er laget for å opplyse om hvilke rettigheter "Secret Belivers" har i forhold til menneskerettighetene og lovene i Bangladesh. Bladet inneholder også historier om hva nye kristne opplever av forfølgelse og diskriminering, og hvordan de har fått hjelp til å klare utfordringene.

I Bangladesh møtte vi mannen bak disse bladene. Dette var en usedvanlig flott mann. En mann med et stort glis og som var glad og fornøyd for hver dag. Han hadde selv vært muslim tidligere og gjort forferdelige ting mot kristne. Han var en velstående mann med god utdanning fra utlandet. Han hadde studert i Amerika og hadde store fremtidsplaner. Da han fikk møte Gud, endret han planene sine. Han skulle ikke bli ingeniør eller noe annet, likevel. Han var kalt til å arbeide for Gud.

Han startet sin egen husmenighet og fikk senere hjelp til å bygge ut en bibelskole. Og har engasjerte seg fullt ut for de forfulgte kristne i Bangladesh. Bladet som han skriver blir blant annet sendt ut på landsbygdene der det ikke er like lett å få tak i informasjon som i byene.

Bangladeshturen var en fantastisk tur med mye informasjon på kort tid! Vi var der bare i 5 dager, men fikk likevel oppleve utrolig mye. Bangladesh var som en helt annen verden. Å kjøre rundt i dette landet er noe av det som jeg kommer til å huske i lang tid fremover. Det var ingen trafikkregler med unntak av én, tut og kjør regelen. Under det korte oppholdet opplevde vi å se flere trafikkulykker. Blant annet et ukjent



Smil: Vi møtte bare positive mennesker, folk var gjestfrie og hadde ingenting i mot å bli tatt bilde av.

nummer av lastebiler som lå veltet i grøftene. Små kræsje her og der, og en buss som lå halveis under vann i elva.

Andre ting som gjorde inntrykk på meg var å se hvordan virkeligheten var for de forfulgte kristne. Det gjøre inntrykk å se en person inn i øynene som hadde opplevd å se sin ektemann bli halshugd foran øynene hennes, og besøke en familie hvor en gjeng ekstremistmuslimer hadde tatt datteren til en nykristen familie og voldtatt henne i et døgn før de leverte henne tilbake på døra til familien sin. Denne jenta var bare 12 - 14 år gammel, og hun fikk vi møte. Det var helt forferdelig å være i den situasjonen. Jeg kunne ikke gjøre noe for henne der og da. Det eneste jeg kunne gjøre var å be for henne og familien hennes. Og dette har vi fremdeles muligheten til her hjemme i Norge, i tillegg til å samle inn penger som kan bli til hjelp for dem som har det vondt.

Vi håper folk har lyst til å bli med i bønn for prosjektet. Jeg tror ikke vi helt forstår betydningen av bøn. Vi tar selvsagt også mot gaver av alle slag. Vi i misjonsprosjektet jobber intensivt med å få opprettet en fast givertjeneste så snart som mulig.

Med hilsen fra misjonsprosjektet, Thomas Byrknes

Kontonummer for misjonsprosjektet er: 3530.24.24282



40-årsjubilantar:
Hildur Øvsthus er heilt til høgre på biletet.
Foto: Eimund Solsvik

Innhaldsrike mimredagar

Nokre dagar vart tidleg på året merka ut på kalenderen. Siste helga i juni skulle ikkje nokon avtalar gjerast, den var oppteken!

40 år sidan Framnesvinteren, endeleg var det vår tur til å markera rundt tal på elevstemna.

Tidleg på føremiddagen laurdag var eg på plass. Enno var det heller stille i tuna, få bilar på parkeringsplassen. Men nokre personar med kvitt hår gjekk og sveiv her og der. Dei må vera jubilarantar, tenkte eg. Seinare fekk eg vita at ein gjeng var komen til Framnes alt fredag kveld, for å få med seg absolutt alt ei jubileumshelg kunne innehalda...

Det vart god tid til å rusla rundt på kjende trakter. Ytre sett er mykje forandra på 40 år. Berre Gamlesalen er att av dei husa der me hadde undervisning. Internata er nye og tenlege. Rommet i 3. høgda på Framheim med vindauga mot Hardangerfjorden kunne vera nokså lite lunt ein dag med skikkeleg austavind...! Like eins klasseromma i Austheim, der me sat med alle ytterkledda på dei siste timane om dagen og såg ut på mørkeblå fjord

med kvite bølgetoppar på. Fram mot lunch-tid tok det til å siga til med folk. Enno hadde eg ikkje sett nokon frå "mitt" kull. Men det var lett å sjå at mange andre hadde møtt kjenningar. Klemmar og handtrykk sat laust, og eg lytta meg til at mange måtte seia nemnet sitt til kvarandre før dei var sikre på at dei "hørde saman". Det var tydeleg at 50-årsjubilantane var i fleirtal i tunet, noko som vart stadfesta på festen seinare om kvelden.

I løpet av dagen dukka det opp kjende ansikt for meg òg, me var 10 jubilarantar frå skuleåret 1967/68. Me hadde med oss Per Tjøstheim og Øyvind Haarr til mimrestund med kaffi og kaker. Mange artige minne vart henta fram, og ting me trudde me hadde gløymt, vart levande igjen... Livet hadde vore innhaldsrikt for alle, med blanding av lyse og mørke dagar for dei fleste. Ein fordel med å ikkje vera fleire enn 10, var at me fekk veldig god tid til å prata saman.

På bordet låg eit stort gruppebilete, og me prøvde å fortelja kvarandre det me veit om dei som ikkje var i lag med oss. Me vart samde om at om 10 år skulle

me vera mange fleire som fann vegen til Framnes på elevstemne. Dersom kvar tek kontakt med dei me har peiling på, vil det bli ein stor flokk! Lat oss vera flinke til å spora opp adresser, og senda dei til Elevlaget. Seinare på kvelden var det tradisjonelt program med fest i gym. salen, middag og kaffi. Og dersom nokon enno ikkje var forsynte, kunne dei kjøpa pølser når kvelden gjekk mot natt. Bålet på Verdens Ende avslutta ein innhaldsrik dag. I det fine veret vart mange sitjande og drøsa til langt på natt.....

Neste dag var ein del av jubilarantane reiste heim, men ein bra flokk var samla til frukost, føremiddagsmøte og middag. Me drog heim rike på gode minne frå ei fin helg på Framnes. Det er godt å koma tilbake og merka at ein er velkommen. Om skulen er endra i det ytre, er framleis Guds Ord og forkynning av frelse i Jesus Kristus i sentrum. Lat oss alle vera med i forbøn for elevar og tilsette på Framnes!

Helsing Hildur (Skare) Øvsthus, 40-årsjubilant

Rike opplevelser og gode minner fra Framnes

Det var både godt og koselig å få være på elevstevne på Framnes. Vi var dessverre ikke så mange 40 årsjubilantar, men vi hadde det festlig, vi i den lille flokken som møttes og mimret fra årene 67-68 på "Neset". Takk for sist til dere alle.

Jeg ble utfordret til å skrive om et minne fra Framnes. Det er egentlig ikke så lett, for det er så mange minner, fine, gode minner som både får frem smilet og skaper takknemlighet.

Var så heldig at jeg fikk være to skoleår på Framnes, to år som har preget meg resten av livet. Må jo fortelle, som mange vet, at jeg traff hun som ble kona mi, Anfrid Mauland, det andre skoleåret. Framnestiden sammen, ble en flott start på et godt samliv og forelskelsen den gang ble til trygg og ekte kjærlighet som vi takker både Gud og Framnes for.

Nå skal jeg fortelle om en annen opplevelse fra Framnes, som også har preget livet mitt i alle år etterpå. Dette er fra første skoleåret. Vi hadde nettopp startet på skolen da høvdingen og skolemannen Hans Sandvoll døde. Han hadde blant annet vært rektor på Framnes i mange år. Rolf Onarheim, som da var rektor, hadde minneord, om Sandvoll og det jeg da hørte gjorde noe med meg.

Når Sandvoll ble begravet, gikk jeg både i kirken og til minnesamvær i gymsalen på Framnes. Dette var



I matsalen: Magnar Mathiassen saman med kona Anfrid.

Foto: Eimund Solsvik

kanskje ikke så naturlig for en som knapt nok hadde hørt om Sandvoll, men jeg opplevde at noe dro meg dit. Mye fint og godt ble sagt om denne kjempen i Guds rike, og det gjorde et sterkt og mektig inntrykk på den nykomne Framneseleven.

Himmelen kom så nær, Guds rike ble så aktualisert, en underlig atmosfære.

Og der gav Gud meg kall til tjeneste i hans rike, jeg opplevde dette svært klart og sterkt.

Jeg hadde andre planer enn å bli forkynner, så det ble naturligvis kamp og mange spørsmål, men etter hvert modnet hjertet og lysten til oppgaver i Guds rike.

Tiden videre på Framnes

ble til god hjelp. Minnes særlig søndagsmøtene i foredragssalen der jeg skjelvende fikk avlagt mine første vitnesbyrd og bønnemøtene i Vonheim sammen med gode kamerater.

Dette formet meg og jeg er svært takknemlig for tiden på Framnes. Jeg har fått stå i en stor og rik tjeneste i Guds rike i mange år, blitt rikt velsignet og bevart.

Takk og lov.
Gud velsigne Framnes!
Hilser dere alle med Jeremias 18, 1-6

**Med vennlig hilsen
Magnar Mathiassen
Elev 66 - 67 - 68**

Glimt fra elevstemna



Prat: Lars og Astrid Reinlund saman med tidlegare elevar. (begge bileta)



Foto: Eimund Solsvik

Namn: Steinar Konrad Blom
Aktuelt: Russepresident

– Steinar, sei litt om kven du er.
– Eg er ein gut frå Øygarden, ein kommune litt nordvest for Bergen. Der har eg alltid budd, og der trur eg at eg kjem til å busette meg om nokre år.

Eg har hatt ein fantastisk oppvekst, med masse leik og morro. Eg har vakse opp i ein kristen familie og det har vore med å forma meg til den eg er i dag. Mamma og pappa har alltid vore der for meg i oppveksten, og dei har vore viktige støttespelarar opp gjennom alle dei 18 åra som har gått. Eg ser opp til dei, og dersom eg vert ein like god far som pappa har vore og er for meg, skal eg vere veldig nøgd.

Eg har fem søsken, to brødre og tre systre. Den yngste broren min er sju år eldre enn meg, så eg er ein god attpåklatt. Eg er også onkel til 11 herlege ungar, og no når det nærmar seg jul, reknar eg med at sparepengane går til presangar. På fritida likar eg å spela fotball, det er det eg har som "hovudhobby". Eg likar å driva med sport og vera med vener. Det er det mesteparten av tida mi går til. Men litt lekser må eg òg gjere.

– Kvifor valde du å koma til Framnes for å gå på vidaregåande skule?
– Eg valde å koma til Framnes fordi nokon fortalde meg om staden og korleis det var å bu på internat. Eg let meg lokka av dette, og saman med ein kamerat byrja eg her. Det er noko eg ikkje angrar på. Eg har hatt det heilt fantastisk her. Det var litt tungt i starten, men no er det ei fryd å gå her.

– Nå har du snart vore her i to og et halvt år. Kan du seia litt om kva som har vore det beste med å gå på Framnes?
Hmmm.. det beste med å gå på Framnes må vere det at eg har



fått mange nye og gode vener. I venegjengen har me eit utruleg godt miljø. Me tøysar og gjer morosame ting saman. Venene mine har hjelpt meg gjennom tunge tider når ikkje dei heima har kunna vore tilstade for meg.

Eg er takksam for alle som eg har blitt godt kjende med her. Det kjem til å verta forferdeleg trist når siste skuledag kjem. Eg håpar at eg kjem til å treffa alle igjen, men trur ikkje det kjem til å skje. Difor kan eg nytta høve no til å takka alle i klassen min, og alle dei andre som eg har blitt kjent med, for tre fantastiske år på Framnes. Vener er viktige, og det å få gode vener på ein plass som dette betyr mykje.

– Og det mest slitsame?
– Det mest slitsame med å gå her må vere det å øva til prøve. Eg er ikkje den som likar å setja meg ned aleine på rommet for å lese til prøve. Eg kjedar meg rett og slett når eg ikkje har nokon å vera i lag med.

– Du er russ i år. Inneber det noko spesielt for deg?
– Eg har fått æra av å vera russepresident. Dette gjer at eg kjenner eit spesielt ansvar for dei andre, slik at dei kan få ei kjekkast mogeleg russetid. Det blir og spesielt sidan det er siste året mitt på skulen.

Dette må jo feirast òg.
– Kva tenkjer du vidare etter Framnes?
– Neste år blir det vel militærtjeneste. Utover det får me sjå kva planar Gud har for livet mitt. Eg har lyst å bli brannkonstabel og i tillegg holda på med noko innan idrett og ungdom. Eg har tidligare vore i styret for KRIK Øygarden og tykkjer det er fantastisk å snakka med ungdom om Jesus. Å berre høyra kva dei har å seia, er fantastisk.

– Er det spesielle minne du vil fortelja om etter tida på Framnes?
– Dei beste minna frå Framnes må vera turane eg har vore på. Då tenkjer eg spesielt på turen til Tunisia og Austevoll med klassen. Og så er det nokre små minne som skal få bli i venegjengen (hehehe) Det har vore tre fantastiske år som eg aldri kjem til å gløyma. Framnes er noko eg kjem til fortelja barna og kanskje barneborna mine om. Det blir, som nemnt tidligare, leit å slutte. Det er enkeltpersonar som eg kjem til å hugsa betre enn andre. Eg skal ikkje nemne namn, men det er nokre som har sett sine spor. Framnes kjem eg alltid til å hugse, ja!

Tekst: Magne Kolstad
Foto: Anderas Eide



Barnesang: Barnegospelkoret Shine song friskt om Jesus.

Framnesbasar for niande gong

Det kom inn 87.000 kroner på Framnesbasaren 1. november!

Den allereie tradisjonsrike Framnesbasaren, som Framnesforeininga står bak, støttar elevretta tiltak på område som internatbudsjett ikkje klarer å dekkje. Klatrevegg, kafémøblar og sofagrunder er noko av det foreininga har betalt med basarpengane desse ni åra foreininga har arrangert basar.

I år hadde me mange flotte kulturelle innslag i tillegg til stort åresal med flotte gevinstar, eige barnelotteri der alle borna vann, ekstratrekking og trekking av hovudlotteriet. Barnekoret Shine, med dirigent Kristin Belt Skutlaberg i spissen, song tre friske og gode barnesongar om Jesus. Håvard og Ingrid spelte toradar, framneselevane Sindre og Ragnhild piano og klarinett. Gamlerektoren Lars Reinlund kom heilt frå Karmøy og song og heldt andakt. Geir Johnny Undal leia oss trygt gjennom kvelden.

Me ser at folk kosar seg på basaren vår og neste år må me ta

inn endå fleire stolar. Kaffi og kaker var det og til alle, slik at ingen gjekk svoltne heim. Tusen takk til alle som har kjøpt lodd, gjeve gevinstar og

støtta basaren på ulike måtar.

Tekst: Brit Voster



Kafé: Det var kaffi og kaker til alle.



To: Håvard og Ingrid spela toradar.



Åresal: Mange kjøpte årar.



I god gjenge: – Det var uvant i starten, men alt i alt har overgangen til Framnes gått bra, seier nytilsett rektor Harald Voster. Foto: Åsmund Soldal/HF

Nyrektoren på plass

– Gratulerar med ny jobb, Harald Voster. Korleis kjennest det?

– Tja. Det er ikkje så godt å seie. Eg føler vel ikkje så mykje akkurat no. Dei første dagane og vekene var det svært spennande å gå på jobb kvar dag som dagleg leiar. Det var ei heilt ny og uvant stilling å arbeide i, samstundes var eg på ein ny plass mellom nye kollegaer. Etter kvart har det gått seg litt til. Eg er blitt litt meir kjent med personalet og dei med meg. Alt i alt har overgangen til Framnes gått bra!

Likevel er det ein travel kvardag med mange små og store saker. Eg tykkjer arbeidssituasjonen er mykje meir ustrukturert no enn då eg var lærar. Likevel opplever eg det som svært utfordrande, og ikkje minst lærerikt å

vere med og leie skulen.

– Kva var det som gjorde at du takka ja til denne stillinga?

– Det er eit spørsmål som det ikkje er heilt lett å svare på. Me budde i Bergen, men ville flytte på oss. Eg hadde mest lyst å flytte til Rogaland. Kona var meir usikker på det. Då eg fekk spørsmål om å tenkje over om denne stillinga var noko for meg, måtte me diskutere det. Etter kvart fann me ut at me kunne reise hit og sjå korleis det var. Sidan eg nettopp var ferdig med ein mastergrad i pedagogikk tykte eg det var ei interessant utfordring i så måte også.

– Og resten av familien, korleis er deira oppleving av livet på "neset"?

– Det skulle dei vel helst fått svare på sjølve. Det går nok litt opp og ned.

Brit er heime med Vinjar, men ho har vore yrkesaktiv i ein liten mannsalder. Og då er det ikkje berre berre å brått skulle bli heimeverande. I tillegg har ho ingen av tidlegare venner her og ingen av oss har familie her. At ho i tillegg er svært glad i å arbeide, gjer nok at tida kan felle litt lang av og til.

– Kven er Harald Voster?

– Han er ein gut frå svartaste Ryfylke. Oppvaksten ikkje så langt frå Han Innante. Han trødde sine barnesko på Voster med ti andre søsken, ei mor og ein far. Det kunne nok bli eit og anna basketak, men stort sett så levde me fredeleg i saman! Og så lærte me å arbeide! Me måtte ta del i gardsarbeidet. Eg hugsar særleg onnearbeidet om sommaren då me hesja og laga tørrhøy. Desutan la me gras i siloen.

Om hausten skulle potetene opp, og om våren henta me ofte stein av dei nypløgde åkrane.

Etter grunnskulen tok eg vidaregåande utdanning i Sandnes. Då var det å bu på hybel, men eg reiste som oftast heim i helgene og tok del i ungdomsarbeidet på bedehuset. Seinare tok eg lærarhøgskule med fordjuping i fleire fag, og etter kvart er utdanninga blitt brei med pedagogikk som det siste tilskotet.

Då eg var om lag tjuetre år, hadde eg mitt første møte med ein pc. Ei maskin med band i staden for harddisk og høve til å programmere i Basic. Etter det har it og programmering vore ein stor del av livet mitt. I tillegg har eg alltid likt å trene og halde meg litt i form. Det er først dette halve året på Framnes at eg ikkje har teke meg så mykje tid til det. Og eg merkar godt at eg ikkje er tjue år lenger!

Etter at første delen av utdanninga mi som lærar var ferdig, tok eg til å jobbe. Først i barne- og ungdomsskulen i Tysvær. Det var fire travle, men også kjekke år. Så vart det Kvitsund Gymnas og seinare Tryggheim vgs på Nærbø og sist Knarvik vgs i Lindås.

– Du har eit sjeldan etternavn, kvar kjem det frå?

– Voster er ei lita bygd i midtre delen av Ryfylke. Bygda er kjent frå før Svartedauden, og namnet har vore skrive på mange ulike måtar opp gjennom tida. Eg veit ikkje om det er fleire stader som ber dette namnet, men namnet finst ikkje berre i Noreg. Ein sørafrikanar sa ein gong til meg at det var mange som heitte Voster i Sør-Afrika. Eg har også funne to forretningar i Nederland som har Voster i namnet sitt. Dessutan er det mange i USA som har namnet. Eg likar jo å tenkje at alle har namnet frå den vesle bygda mi, men det er nok heller uvisst! Det kan vel også kanskje vere at namnet er importert? Kanskje ein gong i mellomalderen?

– Elevane kjem hit både for å gå

på skule og bu. Kva er dei største utfordringane for de som jobbar her? – Dei største utfordringane er å få til trivsel mellom elevane, og at dei opplever både skulen og fritida som meningsfull. Dei aller fleste som kjem hit som nye elevar, har ikkje budd annan stad enn heime før, og overgangen kan verte stor. Derfor er det fleire tilsette ved Framnes som har internatet og trivselen mellom elevane som si primære oppgåve.

Det er ikkje alltid like lett å få alle til å trivast, men som oftast går det godt. Då er det viktig å sjå til at trivselen på internatet ikkje vert så stor at skulegangen lid under det. Her trur eg mange lesarar av Ljosglytt vil ha ei umiddelbar forståing av kva eg meiner, så eg utdjuvar ikkje det!

– Framnes er ein kristen skule. Korleis jobbar de med denne delen?

– Dette er ei side som bør prege heile skulen. Dei fleste som arbeider ved skulen er kristne. Dette bør vise seg i møtet mellom elev og tilsette ved at me syner kristen omtanke for elevane, både medmenneskeleg og åndeleg når det høver. Elles har skulen andakt for alle elevane i auditoriet fire gonger i veka, og me prøver å stille til møte på tysdag og søndag. Me slit nok litt med å få det til slik me ynskjer, men det er ei side som me vil prioritere å arbeide med

framover.

– Det nærmar seg jul. Har du ei lita julehelsing til alle dei som les Ljosglytt?

– Markus fortel at Jesus vart åleine med disiplane den siste delen av påskéhøgtida (Mark. 14, 12 ff). Det var ingen som inviterte dei heim til å feire påskemåltidet. Jesus måtte sjølv finne eit rom – og han visste om eit. Dette bad han om å få – og så ville han stelle det i stand. Eit spørsmål til oss er om me har tid til Jesus, og om me har rom for han. Han veit om oss, kven me er og kvar me bur. Og han spør etter vårt hjarterom. Det vil han bu i.

Dette var ikkje første gongen Jesus var åleine, utan ein stad å vere. Slik var det også då han vart fødd. Det var ikkje rom for familien nokon stad. Men dei fekk ein stall, og stallen var god nok. Her vart Jesus fødd. Det kom ikkje an på om det var ein fin plass Jesus skulle bli fødd, nei det kom an på om det var rom for han:


«Å, kom, eg opp vil lukke, mitt hjerte og mitt sinn. Og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn! Det er ei fremmed bolig. Du har jo sjølv den kjøpt. Så skal du blive trolig, her i mitt hjerte svøpt.»

Tekst: Magne Kolstad

Ein rektorson er fødd!



Vinjar vart fødd 21. juli. I denne tida var mor og far (Brit og Harald Voster) travelt opptekne med å førebu flytting til Framneshalvøya, og gleda vart stor då guten melde sin ankomst og ville vera med på flyttelasset. Han vart døypt 7. september i Betlehem i Bergen, og festen vart halden på Framnes. På dette biletet er han 3 månader, ein stor og kraftig kar. Han er strålende blid og likar å leike for seg sjølv, noko både mor og far synest er greitt sidan denne hausten har hatt mykje ulikt innhald med travle kvardagar.



Kjennskap: Øystein Ådland har god kjennskap til Framnes, både som tidlegare tilsett og som nabo.

Foto: Eimund Solsvik

Framnes sett utanfrå ...

Det sit ein «gammal» framneslærer oppi bakken og ser ned på Framnes.

Me bur slik til at utsynet over Neset er bra. Me ser når det er aktivitet mellom bygga. Me registrerar at stundom er parkeringsplassen full av bilar. Me gler oss over at skulen er i full aktivitet. Og me gler oss over at elevane pregar Vikøy-grenda på ein god måte.

Bak og over oss har me og Framnes. Ikkje mindre enn tre lærarar bygger seg husvere slik at dei ser ned på både oss og Framnes. Katekisma omtala gode grannar som ein del av 'det daglege brød'. Me reknar med at det vert godt naboskap i framtida. Denne sommaren og hausten er det helst travel byggeaktivitet me har registrert mest.

I 25 år var eg tilsett på Framnes. Mange av desse åra budde me på tunet, i gamle Framheim og i Blåbærhaugen. No tek denne tida

og til å verta 'gamle dagar', - sidan 1994 har Kvam herad med ulike arbeidsoppgåver vore arbeidsplassen. Siste året har eg fungert som skulesjef.

Framnes sett utanfrå vert og å sjå skulen frå eit kommunalt skulekontor. Vidaregåande skular har ikkje ein kommune noko med. Men i Kvam har me godt samarbeid mellom ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane, og dermed og med Framnes. Skulesjefen får møta på desse møta. Det var fint å ha god kontakt både med 'gamlerektoren' Lars Reinlund og med den nye, Harald Voster, og med andre tilsette. Med tre vidaregåande skular i ein såpass liten kommune, kunne det lett vorte vond konkurranse skulane imellom. Eg opplever det som positiv, skjerpande konkurranse. Og det er godt!

Og framnesingar møter ein overalt. På Flesland denne veka kom ein kar og presenterte seg. Han var elev på musikklinja midt på 1970-talet. Ikkje rart eg ikkje kjende han att. Så

var det dobbelt kjekt når han tok kontakt. Begge sto me og venta på bagasjen. Det vart tid til ein liten prat. Framnes har nok hatt mykje å seia for mange. Det er flott å høyra alle som ser attende på folkehøgskuleåret med glede. Slik vil dei nok oppleve det, dei som no er elvar i den vidaregåande skulen og. Det Framnes eg ser ned på kvar dag, har endra seg år om anna. Nye bygningar har kome til. Nye menneske har arbeidet sitt på skulen, og nye elevar kjem til kvart år. Slik skal det vera. Men eg kjenner meg att når eg er innom. Kjenner noko av den gamle atmosfæren frå "mi" tid på Neset. Eg arbeidde på ein kristen folkehøgskule. No er Framnes ein kristen vidaregåande skule. Som skule er desse skuleslaga ganske ulike. Det er som ein kristen institusjon dei har sin rett. Og berre då.

Tekst: Øystein Ådland

